

Etter- og vidareutdanningsprogrammet

Sosial aktivitet eller læring for livet?

AV FRODE FORLAND

Legeforeningen har fått delegert ansvaret frå statlege helsestyresmakter til å ta hand om etter- og vidareutdanninga for legar i Norge, og til å godkjenne spesialistar innanfor dei ulike fagfelt. Det har dei siste åra tilflytt mykje ny kunnskap om kva for læringsformer som er effektive, og kva for tiltak som må til for at kunnskapen skal omsetjast til handling. Enno er det lite nytt å finne i reglar og opplegg for etter- og vidareutdanning i allmenn- og samfunnsmedisin som indikerer at denne kunnskapen er tatt på alvår.

Det er mange prosjekt og miljø som har bidratt til ny kunnskap på dette feltet dei siste åra. Kristin Prestegård og Otto Bruun Pedersen har i sitt arbeid skildra ulike læringsformer og læringsstilar som dei ulike legane har, og dei tilrår at ein i etter- og vidareutdanning legg opp til strategisk læring, der ein tek større omsyn til individuelle skilnader i opplæringa. (I SATS programmet er gruppeaktivitet, bruk av dataverktøy og tilbakemelding i trygge læringssnettverk vektlagt som pedagogisk faktor. Grunnutdanninga i medisinfaget er drastisk lagt om i tråd med ny pedagogisk kunnskap i retning av problembasert læring. Fleire Cochrane oversikter har tilført ny og oppsummert kunnskap om kva som er effektive metodar i arbeidet med å få legar til å endre praksis. Konklusjonane kan kort samanfatta slik. Læringa bør vere paksisnær, adferdsending tar tid og er ein prosess der eigarforhold til prosessen og eigenaktivitet er



Bjørn Oscar Hoftvedt

stikkord som fasiliterer læringa, ingen metodar er effektive åleine – det er viktig å ha eit breitt tilfang av metodar for å oppnå endring. Kurs og konferansar er lite effektive som læringsmetodar.

Bjørn Oscar Hoftvedt er leiar for pedagogisk avdeling i Dnlf. Utposten tar kontakt for å finne ut kva for tankar som styrer utviklinga sentralt i organisasjonen på dette område.

Har ikkje Legeforeningen fått med seg det som skjer av utvikling innanfor medisinsk pedagogikk?

forts s 9